

## **Mai til august**

Kjære sambygdingar!

Våren gjekk så altfor fort og eg hadde verken tid eller stunder til å skrive ei oppdatering. Når sommaren endeleg kom, trengte både eg og kommunestyret og ta ferie. Og ferien er brukt til mykje refleksjon.

1 august skriv me i dag, og om knappe 17 dagar skal elevane endeleg få koma til sin fyrste skuledag i Gol nye skule. Eg har tenkt til å møte opp, sjølv om eg ikkje skal ha vanleg skuledag, men for å ynskje dei velkommen. Det blir utruleg artigt!

Skula står ferdig, og vegstrukturen rundt er i desse dagar i finpuss, samtidig som vegvesenet klargjer den nye skulevegen frå Hesla Bru og opp til nye skula via Valdresvegen. Der skal det og vera ei markering dagen før skulestart. Det skal bli godt å få den viktige vegen ferdig, og eg er veldig spent på resultatet.

Samstundes med at Gol nye skule blir tatt i bruk, vil og Gol gamle skule bli tatt i bruk, av nye elevar frå Læringsenteret. Eg vil også ta turen dit for å sjå korleis dei har fått det i nye omgjevelsar.

Men litt attende til min refleksjon i sommar. 21.06.16 gjorde kommunestyret nokre historisk viktige vedtak. Detta kommunestyret kjem eg ikkje til å gløyme med det fyrste.

Kommunereformen tok mykje tid og krefter i vår. Sist eg skreiv var arbeidsutvalet nett kome i gang. Me hadde mykje å gjera, på kort tid. Styringsgruppe, arbeidsutval, forhandlingsutval, innbyggjarmedverkning og folkemøter. Men eg vil berømme alle dei involverte i prosessen. Politikarane, administrasjonen, prosessveiledaren og bidragsytarane ved Nes Ungdomsskule, Gol Ungdomsskule og Gol Vidaregåande skule. Politikarane i Gol og Nes fekk til ei intensjonsavtale, dette er stort i seg sjølv om ein ser litt bakover i tid, og slik sett var det ein spesiell dag når alle skreiv under på dokumentet. Kommunestyret i Nes sa klart nei etter at folkeavrøystinga var helde, mens fleirtalet i kommunestyret i Gol sa ja etter at resultata frå innbyggjarundersøkinga var kome inn. Det betyr at det ikkje blir samanslåing, men kommunestyret i Gol gav meg ei ny oppgåve i vedtaket og det var å prøve å få til ei utredning om Hallingdal kommune. Dette er inga lett oppgåve, for det beror på at alle dei andre kommunane vil, men initiativet skal eg i alle fall prøve å ta. No må resultata av kommunereformen få synke, før me startar på att. Men det vil heilt sikkert blir ein ny runde, trur eg.

I same kommunestyremøte som nemnt over tok me endeleg stilling til fleirbrukskalla, og no blir han bygd. Vedtaket var samråystes, noko som forpliktar politikarane både i medvind og motvind. I budsjetttrunden til hausten må me finne gode økonomise løysingar som sikrar forsvarleg drift av hallen framover. Me har det siste året hatt god dialog med idrettslaget for å finne gode løysingar som sikrar aktivitet for alle innbyggjarar på Hallingmo-området, og det vil eg rose administrasjonen og idrettslaget for.

Tilslutt vedtok me å bygge tredje avkøyring til Gol på Storøyne, nesten

samrøytes. Dette er viktig næringsutvikling for Gol, og det er nettopp derfor rådmannen legg opp til at me skal bruke midlar frå næringsfondet til dette. Kommunen har nettopp dette ansvaret, å leggje til rette for næringsutvikling, og det gjer me ved å realisere avkøyringa og infrastrukturen saman med Statens Vegvesen og utbyggjarane. Dette er eit godt samarbeidsprosjekt for meir næring og meir utvikling. Flott er det og at idrettslaget har teke initiativ til ein kunstgrasbane til på gamle grusbanen. Eg vil oppfordre alle innbyggjarar til å ta seg ein gåtur frå Gol nye skule og gjennom Hallingmo-området for å sjå korleis det no ser ut, kva som rører seg, for her er det aktivitet.

Det skjer masse på Gol, og det håpar eg at innbyggjarane set pris på. Dette kommunestyremøtet var på mange måtar historisk med så mange vedtak for utvikling. No ventar ein budsjetttrunde til hausten der me skal finne ein god måte å drifte kommunen vidare på, med dei investeringar som er gjort og med dei driftsmessige konsekvensane det medfører. Eg har allereie byrja å forberede meg, og har til intensjon å lede politikarane gjennom ein god og gjennomdiskutert budsjettprosess.

Eg vil og vie litt plass til å skrive om eit par andre ting:  
Når det gjeld skattekontoret jobbar eg og Regionrådet vidare med saken, og skal i møter med stortingspolitikarar og departement utover hausten. Eit brev med underskrift frå alle ordførarar i Hallingdal er sendt til finansministeren samt alle politiske leirrarar på Stortinget. Dette for å sette agendaen til det som kjem. Me gir ikkje frå oss statlege arbeidsplassar, me vil krevja fleire til distrikta.

Stamvegsspørsmålet er fortsatt like aktuelt og vil vera det fram til våren 2017. Etter ein presentasjon av resultat frå ei utgreiing frå Statens Vegvesen visar det seg at RV7 og RV 52 står nokså likt i kampen om å bli stamveg nummer to aust-vest. Intereseselskapet for RV 52 jobbar jamt og trutt vidare med å påverke og spreie gode argument for å velje nettopp denne vegen som stamveg. Me held trykket oppe.

Me fekk i vår eit asylmottak i kommunen. Utval for kultur og levekår har tatt tak i dette og arrangert folkemøte om integrering samt at dei har satt av midlar som kan søkjast på som støtte til dei som tek initiativ til å laga til arrangement eller liknande der integrering er i fokus. Eg håpar at me som samfunn saman kan vise fram bygda vår, og ta godt imot dei som kjem til kommunen vår som busette flyktningar og dei som kjem til asylmottaket som asylsøkjarar.

Eg vil ta initiativ til å starte hyttemøter med våre hyttegolingar no til hausten. Dette for å finne ein god møteplass der kommunen og hytteeigarar kan ha ein god og konstruktiv dialog. Eg vonar at me skal få til dette og at det blir eit årleg arrangement.

Alle ordførarane vart inviterte til opninga av den nye CT-skannaren på Hallingdal Sjukestugu. Det var eit flott arrangement som var eit så viktig tiltak verdig. CT-skannaren skal koma alle slagpasientar til gode ved å bekrefte eller avkrefte

hjerneslag eller hjernekropp, slik at ein kan starte rett behandling raskast mogleg. CT-skannaren skal og kunne brukast av andre pasientgrupper som er inneliggjande på Sjukestugu, slik at dei ikkje treng å transporterast til Ringerike for eit CT-bilde. I tillegg til skannaren har ein og, ved hjelp av Sjukestugu sine vene og deira kronerulling, fått splitter nytt telemedisinsk utstyr. Utstyret er av første klasse, og vil koma godt med i framtidige behandlingar for alle pasientar. Dette er på mange måtar opptakten til nye Hallingdal Sjukestugu med sin nye avdeling der sjukehuset og kommunane har gått saman om sjukesenger. Dette betyr sjukehuskvalitet på sjukesenger eigd av kommunane. Dei fyrste av sitt slag! Me gler oss til opninga til hausten.

Hausten er like om hjørna, og eg er klar etter fire flotte veker med ferie og refleksjon. Fortsatt god sumar og velkommen attende til Gol når den tid kjem!